

Dei første dagane i barnehagen...

- Ting du kanskje lurer på;)

Du som les dette vurderer kanskje å søke barnehage plass hos oss, eller har allereie fått tildelt plass. Du skal få vite mykje meir etter kvart, men dette er berre ei kort innføring i korleis vi har det på Lande FUS barnehage.

Vi tek kontakt med deg i forkant av oppstart og avtalar eit møte med deg. Vi sender deg det du treng å ha av informasjon først slik du får tid til å lese gjennom dette i forkant. Deretter møter du pedagogisk leiar avdelinga og kan fortelje oss om kva vanar barnet har, slik at vi på best måte kan legge til rette for han eller ho. Det kan vere kva barnet likar å ete, søvnmønster eller litt om familien. Du får også mogligheit til å spørje om alt du lurer på.

Dokke er alltid velkommen på besøk so mykje dokke vil i forkant av oppstart. Dette gir oss alle en fin mulighet å bli kjend, og vil gjere overgangen lettare.

I barnehagen vår har vi en egen «standard for tilvenning». Dette er ein meir detaljert beskriving av tilvenningstida, forankra i teoriar. Den er omfattande og seier mykje om kva vi gjer og kvifor vi gjer det slik. Du får tilsendt denne saman med resten av informasjonen du treng. (info om MyKid, velkomstbrev, info om SmartMat-konseptet vårt mm.)

Vi anbefaler alle å setje av minimum tre dagar til tilvenninga. I løpet av desse tre dagane skal vi bli kjend med barnet ditt, og legge til rette for en tryggast mulig oppstart. Ein av foreldra er i barnehagen i lag med barnet første dagen, og so vi avtalar vi vidare frå dag til dag kva som er behov. Du vil få en kontaktperson og forhalde deg til den første tida. Denne personen vil bruke ekstra mykje tid saman med ditt barn og deg for at dokke skal bli trygge.

Litt praktisk info:

Pris 100 % plass er 3040 ,- pr. mnd. (felles i kommunen)

Kostpengar 400,- pr. mnd. (dette dekker alle måltider i barnehagen. Frokost, lunsj (varmmat 1-2 ganger pr uke) og frukt og grønnsaks måltidet kl 14.30. Vi har fokus på næringsrik og variert mat laga frå grunnen av.

Bleieavtale 50 ,- pr mnd. (dette er frivillig, du kan ta alternativt ta med private bleier.)

Barn som trenger søvn, søv ute under tak i privat vogn. Dei fleste har denne vogna ståande fast på barnehagen. Vi har isolerte skur der vi lagrar desse. Hugs selar i vogna, og pose tilpassa årstida. Vi har sovevakt som har kontinuerlig tilsyn av borna som ligg i vognene.

Dagsrytmen småbarnsavdelingane:

06.45 Barnehagen opnar
08.00 Frukost
09.30 Leik ute, eller tilrettelagt aktivitet
11.00 Bleiskift
Lunsj
12.00 Sovetid (dette tilpassar den enkeltes behov og varierer)
14.30 Bleieskift
Frukt og grøntmåltid
15.00 Leik ute eller inne
16.45 Barnehagen stenger

Barnet ditt treng:

- Skifteklede min to sett
- Ull eller fleece (brukes under dress/regnkje)
- To stk. huer, ei til utehue og ei tynnere til soving
- Votter evt hals/buff
- Utedress
- Regnkje
- Egna fottøy (cherrox, støvler, vanntette vintersko, sko)
- Drikkeflaske til vatn